

## Uttale frå Landslaget for lokalaviser (LLA) til Høyring – ny forskrift om produksjonstilskott til nyheits- og aktualitetsmedier

Dykkar ref: 22/1890

*Landslaget for lokalaviser (LLA) er interesseorganisasjon for over 110 lokalaviser landet rundt. LLA arbeider med rammevilkår frå spørsmål knytt til yringsfridom, til innsyn og pressestøtte. Dei siste åra har LLA satsa tungt på å hjelpe lokalavisene med digital satsing og innovasjon knytt til dette. LLA har og eit omfattande kompetansarbeid med drift av idébank, rådgjeving og har årleg over 500 lokalavismedaridarar på skreddarsydde faglege kurs og seminar. LLA har kontinuerleg tiltak for å hjelpe lokalavisene til å laga stadig betre og viktigare journalistikk i sine lokalsamfunn. Viser til blant anna samarbeidsprosjektet «Den store folkevandringa» med over 700 saker publisert i ca. 70 lokalaviser.*

LLA ser det som viktig at forskriftene blir endra i takt med endringane innan media, konkurranseforhold og brukarvanar.

Det grundige høyringsnotatet og sjølve forslaget til nye forskrifter frå Kultur- og likestillingsdepartementet er eit særst godt grunnlag.

LLA har nokre få, men både prinsipielt og reelt viktige forslag til å gjere forskriftene betre.

Vi ønskjer også å sjå forslaget om nye forskrifter i samanheng med dei langsiktige styringssignala for mediepolitikken som skal handsamast innan utgangen av 2022.

LLA vil og understreka at det ikkje er behov for drastiske endringar, men ei modernisering.

Medietilsynet sa i si utgreiing i 2021 at mediestøtteordningane har høg treffsikkerheit, men at den kan gjerast endå meir treffsikker med nokre nye tiltak. LLA er samd i dette.

### Overordna frå LLA:

**LLA meiner at prinsipielt bør den direkte pressestøtta gjennom produksjonstilskottet vere organisert som ein rett (rettighet) og at dette bør gå fram av forskriftene.**

Det vil gje dei enkelte støttemottakarar føreseielege rammevilkår frå starten av året. Dagens ordning med rammeløyving på statsbudsjettet gjer at fordeling av støtta for inneverande år ikkje er klar før i siste kvartal noko som gjer økonomistyring vanskeleg.

### **Forskriftene må styrke hovudmålet om mangfald og hindre uheldige tilpassingar**

LLA sluttar seg til føremålet for produksjonstøtta om å stimulere til eit mangfald av tekstbaserte nyheits- og aktualitetsmedier over heile landet, med eit breidt journalistisk innhald retta mot ålmenta. Mangfaldsmålet er omfattande og ambisiøst.

Rapporten om økonomien i mediene som vart lagt fram i slutten av juni viser at sjølv om 2021 var eit samla godt år for mediene så er det store skilnader. Dei minste lokalavisene hadde ikkje samme positive utvikling i driftsinntektene dei større.

LLA støttar og vil forsterke forslaget om å styrke støtta til dei mindre lokalavisene. Dette er heilt nødvendig for å oppretthalde gode lokalaviser i alle lokalsamfunn landet rundt.

Men for at støtta til desse avisene skal vere reell må reglane for avkorting endrast.

### **Verktøykasse for mediestøtte må utgreiast**

LLA meiner at det er viktig å utgreie aktuelle verktøy for å kunne gjere tiltak

raskt dersom medieøkonomien brått blir kraftig svekka slik at mediene ikkje lenger klarer å løyse

samfunnsansvaret på ein tilfredsstillande måte. Koronapandemien viste at mediene er ekstra viktig nettopp når det oppstår akutte situasjonar som trugar medieøkonomien.

### Hovudpunkt frå LLA

I ei ny og endra medieverd er det mange både gamle og nye utfordringar. Men dei overordna målsettingane for mediepolitikken ligg fast. Det at innbyggerane opplever at det er reell yringsfridom gjennom eit mangfald av seriøse lokale, regionale og riksdekkande redaktørstyrte nyheits- og aktualitetsmedier av høg kvalitet og med god, uavhengig journalistikk under fana til pressas etiske normer. Å nå desse måla gjer seg ikkje sjølv og det krevst ein aktiv mediepolitikk med eit sett av verkemiddel, både direkte og indirekte støtteordningar. Det krev og tiltak som ikkje kostar direkte, men som gjer arbeidet for media lettare og gir betre journalistikk for innbyggerane. Det er viktig å ikkje setje i spel det som har fungert over tid som fritak for avgift på journalistikk, produksjonstilskott til lokalaviser, nr.2- og riksaviser, samiske aviser og nisjeaviser, konsesjon for etermedia, støtte til TV2 som allmennkringkastar lokalisert i Bergen og eit offentleg tungt finansiert NRK.

Landslaget for lokalaviser (LLA) vil peike på den ferske økonomirapporten som viser at den auka støtta til lokalaviser frå 2020 har vore heilt avgjerande for dei små, uavhengige lokalavisene og meiner det er viktig å fortsetje denne satsinga. LLA peikar på at lokalavisene er grunnfjellet i mediemangfaldet og heilt avgjerande for demokrati og samfunnsliv i sine lokalsamfunn. I ei tid med store endringar i medieøkonomien, er det avgjerande med stabile rammevilkår for dei små lokalavisene som kvar for seg har ein sårbar økonomi.

Vi er glad for at dette også er ein del av departementet sine vurderingar og forslag. LLA støttar departementet si vurdering av at det er viktig å hindre uheldige tilpassingar til regelverket og hindre overkompensasjon slik at føremålet med tilskotsordninga blir ivaretatt.

LLA vil få framheve at det framleis er slik at dei mange lokalavisene landet rundt får ein liten del av samla pressestøtte. Vi lever alle våre liv lokalt, og det er viktig at lokalavisene får ressursar til å løyse det krevjande og viktige samfunnsoppdraget. Det er kommunane som leverer dei fleste tenester til innbyggerane og det er berre lokalavisene som kan informere og lage journalistikk om lokaldemokratiske prosessar. Lokalavisa er lim og lupe og einaste seriøse fellesarena i sine lokalsamfunn.

LLA vil nytta høve til å oppmode om at minstetilskottet blir heva til 1 (ein) million kroner, til lokalaviser som oppfyller krava til produksjonstilskott. Ikkje minst i eit tid der sosiale medier spreier udokumentert informasjon og propaganda er det ei viktig investering for samfunnet å satse på ein aktiv mediepolitikk som motvekt. Nye satsingar bør kome gjennom utviding av dei økonomiske rammene til mediestøtte.

**LLA er einig i formålet til produksjonstilskottet** slik det kjem fram i §1 i forskriftene, men vil foreslå å gjere tydeleg at støtta skal gå til medier som er redaktørstyrte. Sjå forslag §1

**LLA støttar at dei ordinære breiddemediene** som oppfyller innhaldskriteria etter dagens forskrift kjem i eiga tilskotsordning ved at nasjonale nisjemedier blir flytta til eiga ordning, noko som har lang forvaltningspraksis.

LLA støttar og at gjeldande forvaltningspraksis blir forskriftsfesta ved eit eige breiddekrav for nisjemedier.

LLA støttar grunngjevinga for at det kan vere behov for å gjere tydeleg kva hovudinnhald som må vere i eit medie som skal få produksjonstilskott som nyheits- og aktualitetsmedier.

Dette for å sikre at støtta i all hovudsak går til samfunnsviktig journalistikk.

Ei slik skjerping i forskriftene kan hindre tilpassingar, men vil og kunne oppfattast som påverking av redaktørens suverene ansvar for innhaldet. Det er krevjande å finne objektive vurderingar av kva som er dagsaktuelt, samfunnsrelevant nyheitsinnhald, aktualitetsinnhald og debatt. Det samme gjeld måling av journalistisk volum. Vi vil uttrykke ein prinsipiell skepsis, og meiner at det bør gjerast endring i §5 b sjølv om vi har tillit til ei klok praktisering av Medietilsynet.

LLA støttar at det blir innført eit eksplisitt krav om at nyheits- og aktualitetsmedier er redaksjonelt sjølvstendige. (§5d)

### **Rettighetsordning eller egne rammer for forskjellige avisgrupper**

LLA meiner at produksjonstilskottet må vere ei rettighetsordning.

Men så lenge produksjonstilskottet er ei rammeløyving er det svært viktig å skilje avisgruppene i egne budsjettpostar. Dette bør gjerast ved at ein deler støtta i til nyheits- og aktualitetsmedier med eiga ramme til lokalavisene og eiga ramme til riks- og nummer to-avisene. På den måten vil endringar i kvar av gruppene blir dekkja inn i ramma for den enkelte avisgruppe.

Dette er einaste måten å sikre dei minste, sårbare lokalavisene pårekneleg støttenivå.

**LLA støttar forslaget om å styrke dei minste lokalavisene med to nye tiltak** som gir samla 11 millionar auke i ramma for produksjonstilskott

Det er viktig å styrke dei minste lokalavisene som i all hovudsak dekker dei delane av landet som har mest spreidd busetnad og lite næringsliv. Det er slik avgrensa potensial til både brukarinntekter og annonseinntekter. Fleirtalet av desse avisene er lokalt eigde og har behov for ressursar til journalistikk og digitalisering. Ekstra støtte vil medverke til viktig mangfald.

LLA vil peike på at det er lokalsamfunn innanfor ein kommune som naturleg har eigen identitet og slik grunnlag for eiga lokalavis. Dette gjeld spesielt deler av samanslått kommune, nyleg eller tidlegare. Vi meiner at det lågare kravet til tal abonnentar bør kunne vurderast utover det som er spesifisert i forslaget.

**LLA vil peike på at krava i forskriftene** må tilpassast slik at den ekstra støtta

kan utbetalast og kome til nytte for avisene i målgruppa. Forskriftene må ta høgde for at dette er aviser som på grunn av manglande inntekspotensiale, frå lesarar og marknad, heller ikkje kan ha høge driftskostnader. Det må difor gjerast tilpassingar i forskriftene, for dei minste avisene, slik at dei ikkje blir utilsikta råka av avkorting i tilskottet. Dette for at det ekstra tilskottet til dei som treng støtta mest skal vere så målretta som tenkt.

### **LLAs vurdering av dei enkelte kapittel og paragrafar**

**Blå skrift markerer synspunkt eller forslag til tekst (i kursiv) i paragraf.**

*§1 Formålet med produksjonstilskuddet til nyhets- og aktualitetsmedier er å stimulere til et mangfold av redaktørstyrte tekstbaserte nyhets- og aktualitetsmedier over hele landet, med et bredt journalistisk innhold rettet mot allmenheten.*

*Produksjonstilskuddet skal fremme uavhengig journalistikk karakterisert av høy kvalitet, særlig i nyhets- og aktualitetsmedier i markeder som er for små til å være bærekraftige eller som er alternativer til de ledende nyhetsmediene i de ulike mediemarkedene.*

LLA støttar forslaget til §2 som gir ei tydeleg avgrensing på kva medier som ikkje fell inn under denne tilskotsordninga

### §3 Definisjoner

LLA meiner at opplag er eit godt innarbeidd namn på summen av abonnement og laussal utrekna etter fastsette kriterier. Vi ser det som uheldig å erstatte dette med abonnementstall. Sjå merknad i §4.

#### §3 g) og h)

Vi vil innstendig be om at ordlyden i definisjonen for [lokale medier](#) blir endra.

LLA meiner at kategoriseringa av aviser må endrast til enkelt og greitt [lokalmedier](#).

I forslaget blir [lokalmedier](#) som får minstetilskott kategorisert alenemedier (g) og nummerenmedier (h). Dette er faktisk feil for dei aller fleste. Mange har ikkje høgast opplag i sitt dekningsområde, eller deler av dette, og alle har meir eller mindre konkurranse redaksjonelt og i annonsemarknaden; dette både frå større medier lokalt, regionalt og nasjonalt og ikkje minst frå sosiale medier som tar ein stor del av annonseinntektene digitalt.

LLA ser ingen god grunn til at definisjonen ikkje kan vere, enkelt og greitt: [lokalmedier](#).

#### §3 i) lokalt medium

Mange lokalaviser har utgjevarstad i lokalsamfunn med relativt få innbyggjarar og stor utflytting. Lokalavisa er ofte ei lokal forankring for studentar og utflyttarar, også nemnt som eit brev heimanfrå.

Dei er viktige for å ta vare på identiteten til alle. Mange av dei mindre lokalavisene har ein stor del av abonnentane utanfor dekningsområdet. Det vil vere uheldig om det oppstår tilfelle der lokalmedier kjem i konflikt med krava i denne paragrafen.

[LLA foreslår eit tillegg i §3 i\) slik](#)

[Dersom det oppstår tilfelle der et medie med tydelig avgrenset lokalt dekningsområde kommer i konflikt med denne paragrafen kan departementet gjøre unntak.](#)

### §4 Beregning av abonnementstall / Opplag

Opplag er innarbeidd definisjon på samla tal abonnentar og laussal ut frå eit felles regelverk fastsett etter grundige vurderingar og i forståing med annonsemarknaden. MBL/LLA har felles opplagsreglar og Medietilsynet følgjer i forvaltninga av mediestøtteordninga dette regelverket med nokre mindre unntak. Å endre både namn og reglar vesentleg vil vere uheldig for tillit til ordninga.

LLA ser ikkje ein god grunn for denne endringa. Men det aller viktigaste er at det er eit konsistent og gjennomskinleg regelverk, som gir tillit hos både medier, brukarar, marknad og publikum.

LLA meiner at det er urimeleg at ikkje bedriftsabonnement skal telje inn i dei første 700 abonnentane. Bedriftsabonnement er viktige og genererer som oftast mange lesarar.

Bedriftsabonnement vil redusere talet på abonnement til private og å ikkje tillate desse med i dei første 700 vil setje mediene i ein svært uheldig situasjon og spesielt for dei som er i etableringsfasen. Men det kan vere føremålstenleg å avgrense kor stor del av samla opplag bedriftsabonnement kan utgjere.

[LLA meiner og at abonnement til tilsette, men og dei som har engasjement for eit medie må telje med då desse i praksis er betalt av medieselskapet og truleg er mellom dei mest aktive brukarar/lesarar av sine abonnement.](#)

[Det er og i forslaget kriterier som er krevjande å måle og som ikkje er like relevante som før, som nedlastinger.](#)

[LLA vil be om at departementet ser om det er muleg å i størst muleg grad samordne reglar for opplagsrekning med bransjen og innarbeide dette i forskriftene.](#)

## Kapittel 2. Villkår for å kunne få tilskudd

### §5 Hvem som kan få tilskudd

LLA forstår grunngevinga for at det kan vere behov for å gjere tydeleg kva hovudinnhald som må vere i eit medie som skal få produksjonstilskott som nyheits- og aktualitetsmedier.

Dette for å sikre at støtta i all hovudsak går til samfunnsviktig journalistikk.

Men det er særskilt viktig å ikkje lage forskrifter som kan oppfattast som å gripe inn i redaktørens suverene ansvar for innhaldet.

Krava under punkt b. er ikkje nødvendige i tillegg til det som er formulert i punkt a.

Her er fleire krav som det er grunn til å stille spørsmål om korleis; ja om det i det heile er muleg å med ei objektiv etterprøving. Aller mest kan det oppfattast som uheldige for den redaksjonelle fridomen i dei enkelte medier. Det vil og vere inngripande for strategi og innovasjon i dei enkelte medier og til hinder for samarbeid som kan gi meir publisering.

Til dømes er digital publisering av kommentar og debatt i kraftig endring, og kan seiast å ha vore og er i ein prøve- og feilefase for svært mange medier. Til dømes arbeider mange av mediene med berre nokre få tilsette med å finne løysingar for å både stimulere til debatt, men samtidig klare å røykte denne slik at ikkje trolling øydelegg. Dette er krevjande og både samarbeid med andre medier, bruk av sosiale medier, utvikling av teknologiske løysingar for røkt av debatten blir utforska.

Men alle utfordringane gjer og at mange mindre medier slit med å flytta leiar, kommentar og debatt over til digital publisering.

Her er det viktig å merke seg at mange medier vel istadenfor å bruke ressursar på leiar, kommentar, debatt har valt å styrke journalistikken rundt det å få fram (sterke) meiningar frå mange ulike kjelder.

Det må vere det enkelte mediet sitt eige val om korleis ein best kan publisere meiningstoff og å gjere dette gjennom medviten, god journalistikk må vere klart innanfor samfunnsoppdraget. At det i tillegg er muleg å kome med eigne innlegg frå lesarane er sjølvstøtt for alle medier, men omfanget vil naturleg nok variere etter publiseringsstrategi for dei enkelte medier, og etter kor engasjerande dei aktuelle sakene er i lokalsamfunnet til ei kvar tid.

I overgangen frå kravet om 48 papirutgåver i året til digital publisering er det forståeleg at frekvens må erstattast med eit minimum eigenproduserte saker. Samstundes er kvantifisering av eigenproduserte saker vanskeleg og kan ha uheldige konsekvensar. Det er vanskeleg å finne objektive kriterier og vil uansett kunne stimulere til kvantitet i forhold til kvalitet.

Kravet om stoffproduksjon kvar veke i 48 av årets veker må vere godt nok grunnlag til at Medietilsynet kan gjere ei skjønsmessig vurdering, som tidlegare. Kombinert med dei andre krava i forskriftene er dette tilstrekkeleg.

Ps! Det er ikkje samsvar mellom krava i punkt h. (5 saker i veka) og punkt i. (480 saker totalt).

Under §5 J står det i forslaget til forskrift at vilkåret ikkje gjeld for alenemedier (som bør nemnast lokalaviser) som utgis i ein kommune med færre enn 5000 innbyggjarar og med sentralitet 5 eller 6 etter SSBs inndeling. Desse mediene må i stadenfor ha minst 450 i opplag (abonnementstall)

LLA støttar at det på denne måten blir gjort muleg å ha lokalavis også i lokalsamfunn med få innbyggjarar. Men vi meiner at denne opninga kan gjerast litt meir romsleg. For det første er det lokalsamfunn som opplagt ville kome inn under dette reduserte kravet på 450 i opplag, men som på grunn av kommunesamanslåing fell utanfor. Her bør det kunne gjerast skjønsmessig unnatak. Det er og andre kommunedelsamfunn som bør kunne kome under denne vurderinga. Her bør forskriftene opne for at Medietilsynet kan utøve skjøn med det som mål å skape mediemangfald.

Vi ber og departementet vurdere om krav knytta til sentralitet 5 eller 6 i SSBs inndeling kan utgå.

LLAs forslag til endring i tekst i §5:  
Stryke første ledd bokstav b).

Dette medfører at også teksten med spesifisering av korleis bokstav b. skal tolkast må strykast. Men for å ta vare på avgrensinga kan følgjande formulering inngå som spesifisering av bokstav a.

*Samfunnsrelevant innhold og debatt skal avgrensas mot underholdnings- livsstils- og forbrukerstoff som er rettet mot leseren som privatperson.*

LLAs forslag til nytt punkt J.

*Vilkåret i første ledd bokstav J gjelder ikke for lokalaviser som utgis i en kommune med færre enn 5000 innbyggere. Disse mediene må i stedet ha minst 450 i opplag.*

*Dette lavere kravet til opplag skal omfatte medier som dekker en kommunedel som tidlegare var en kommune med under 5000 innbyggere, men som nå gjennom kommunesammenslåing er del av en større kommune, uavhengig av sentralitet i SSBs inndeling. (det etter komma utgår dersom SSB-sentralitet utgår)*

*Medietilsynet skal også kunne vurdere om lokalmedier som dekker en kommunedel med egen identitet, geografi eller historikk er naturleg og viktig for innbyggerne med eget lokalmedie, og som slik styrker mediemangfoldet.*

§6 Vilkår knyttet til medieselskapet

LLA støttar forslaga til vilkår knytta til medieselskapet. Eit rammeverk i forskriftene som gjer tilskottet så treffsikkert som mogleg er viktig for å sikre at støtta både går til føremålet og til dei som treng denne.

LLA støttar at vilkåra for utbytte blir enklare både for media og å administrere.

LLA støttar forslaget til §7

§8 Begrensinger i hvem som kan få tilskudd

LLA vil peike på at produksjonstilskottet er etablert for å skape mangfald i medielandskapet gjennom å støtte medier som har ikkje har ein økonomisk berekraftig mediemarknad.

Ei bastant avgrensing på 5700 abonnentar er slik prinsipielt ikkje i samsvar med hovudmålet for mediepolitikken. Det må vere den til ei kvar tid aktuelle situasjonen som må vere førande. Det er viktig at forskriftene tar høgde for dette ved å opne for at det kan gjerast endringar ved behov.

LLA foreslår at dei to første avsnitta i §8 blir slik:

Lokalmedier som har under 5700 i abonnementstall kan få tilskudd dersom de oppfyller kravene i forskriftene.

Det skal vurderes om Lokalmedier med mellom 5700 og 11700 i abonnementstall kan få tilskudd dersom den økonomiske utviklingen tilsier at dette er nødvendig for å nå de mediepolitiske målene nedfelt i §1.

LLA støttar forslag til §9 som gjer tydeleg målet med tilskottet.

### **Kapittel 3. Tilskuddets størrelse**

§10 Rammen for tilskuddskategoriene

Viser til grunngjeving for å gjere produksjonstilskottet til ein rett (rettigheit).

Forslag til ny tekst i forskriften

*Produksjonstilskuddet er en rettighetsordning. Departementet fastsetter kriterier for utregning produksjonstilskuddet i samsvar med langsiktige føringer fra Stortinget.*



*De enkelte medier i støtteordningen får informasjon om støttenivå og forutsetninger så tidlig som mulig og senest innen utgangen av februar i året tilskuddet gjelder for.*

#### §11 Tilskuddskategorier

LLA støtter at mediene blir plassert i tilskottskategorier som foreslått. Men vi vil innstendig be om at ordlyden for kategorien for lokalmedier blir endra. Sjå LLAs merknader i §3 g) og h)

[Forslag til endra tekst på tilskottskategorier.](#)

[Lokalmedier](#)

#### §12 Beregning av tilskudd

LLA støtter at frekvens ikkje lenger skal vere faktorar i utrekning i tilskudd. Det er rett og nødvendig å fjerne frekvens då det ikkje er relevant i ei tid med digital publisering som for dei fleste handlar om å publisere når ein har noko å melde, 24/7.

Opplag er nå foreslått å berre bli vurdert i forhold tersklar.

LLA meiner det er gode grunnar til at opplag blir vidareført som faktor for utrekning av tilskott.

Til første del punkt 2.

LLA meiner at det er uheldig å knytte tillegget til aviser i Nord-Norge til papirutgåver. Dette vil vere negativ motivasjon for innovasjon og digitalisering. LLA meiner at det også er i strid med prinsippet om plattformnøytralitet.

LLA foreslår å fjerne kravet i §12 1.ledd nr.2. om at dobbelt grunntilskott i Nordland, Troms og Finnmark skal knytast til dagar med utgåver på papir.

[Forslag om å stryke siste seks bokstavar: .....for dager med utgivelse på papir](#)

[LLA viser og til innspel til §3 og §11 med den konsekvens at alle stader der det formulert nummeren- og alenemedier blir endra til lokalmedier.](#)

Til andre del punkt 7.

Brukarinntekter blir foreslått som erstatning for både frekvens og opplag i utrekning av tilskudd til nummertoriks- og nisjemedier. LLA meiner at opplag også bør inngå som faktor i utrekning av tilskottet for å hindre uheldige utslag. Dette fordi mediene som har sterkast konkurranse gjerne har lågare sats for brukarbetaling enn dei som har mindre direkte konkurranse (t.d. rikso- og nisjeaviser). Dermed vil dei som treng støtta mest få lågare tilskott enn tidlegare og betydning i forhold til tal lesarar. Dette er uheldig og ved å likestille opplag (abonnement) med brukarinntekter som faktor vil ein jamne ut konsekvensane.

Det er og rett å verdsette tal abonnentar og ikkje berre nivå på brukarbetaling.

[LLA foreslår at i §12 andre del punkt 7 blir opplag tatt med som faktor i tillegg til brukarbetaling.](#)

LLA støtter forslaget til §13

#### §14 Øvre grenser for tilskudd

Etter gjeldande og foreslått nye forskrifter skal kan ingen;

- Få meir i produksjonstilskott enn dei har i brukarinntekter
- Få meir enn maks 40% driftsutgiftene i produksjonstilskott.

Dersom desse avkortingsreglane blir vidareført vil dei som treng det mest ikkje få den foreslåtte ekstra støtta til dei minste/svakaste. Dette gjeld alt i dag aviser i ein liten marknad, og spesielt mindre lokalaviser i Nord-Norge som både er i ein liten marknad og som har høgare støtte enn resten av landet og dermed får større del av inntektene frå tilskottet.

Det kan nemnast at samiske aviser ikkje har (reglar om) avkorting.

LLA meiner at for ordinære norske aviser er det viktig å halde på prinsippa som ligg til grunn for avkorting, men å lempe desse slik at dei ikkje er til hinder for målet om å styrke dei minste

mediene. Vi foreslår å innføre målretta trappetrinn i ordninga. Først og fremst vil dette vere avgjerande viktig for mange av dei mindre lokalmediene i Nord-Norge.

LLA vil få merke at er det praksis (presedens) frå EU (og då EØS) gjennom den svenske pressestøtta der dei har differensiert krava mellom grupper i støtteordninga, noko vi ser som ei god og nødvendig løysing.

LLA foreslår følgjande tekst for §14.

*Det samlede produksjonstilskuddet til et medieselskap fra denne tilskuddsordningen og andre produksjonstilskuddsordninger kan*

- *for aviser med over 3700 i opplag ikke utgjøre mer enn 40 prosent av medieselskapets totale driftskostnader eller overstige selskapets brukerinntekter knyttet til abonnement og løssalg i året før tilskuddsåret.*
- *for aviser med mellom 1700 opplag og 3700 opplag ikke utgjøre mer enn 50 prosent av medieselskapets totale driftskostnader. Selskapets brukerinntekter knyttet til abonnement og løssalg i året før tilskuddsåret må utgjøre minst 75 prosent av tilskuddets størrelse.*
- *for aviser med under 1700 opplag ikke utgjøre mer enn 75 prosent av medieselskapets totale driftskostnader. Selskapets brukerinntekter knyttet til abonnement og løssalg i året før tilskuddsåret må utgjøre minst 50 prosent av tilskuddets størrelse.*
- *Det ekstra tilskuddet det første året i tilskuddsordningen skal holdes utenfor i utregning av øvre grenser for tilskudd.*

§ 15 Avkorting av tilskudd

LLA støttar forslaga til avkorting i §15. Det er umuleg å gjennom forskriftene ellers å sikre at produksjonstilskottet berre går til medier som treng støtta. Til det er marknadsforholda for forskjellige rundt om i dei enkelte lokalsamfunn landet rundt. Det handlar både om konkurranse i mediemarknaden og marknaden både når det gjeld brukarinntekter og annonseinntekter. Her er det sær store skilnader og det avkorting i forhold til driftsresultat sikrar at medier som har ein for å sikre at produksjonstilskottet går til medier som treng støtta og ikkje til medier som har ein marknadssituasjon der dei klarer seg greitt utan støtte.

Forslaga i §15 er ikkje minst viktige for legitimiteten til tilskuddsordninga både mellom mediene og overfor opinionen.

LLA støttar forslaget til §16

#### **Kapittel 4. Søknad, saksbehandling, betaling og innkreving**

LLA støttar prinsippet om at det skal vere god kontroll med at mediene oppfyller krava i forskriftene når dei får tilskudd. Men vi vil peike på at det er viktig at støttemottakarane blir informert om det som ligg av krav i forskriftene; sidan det er mange av paragrafane som er kvilande på den måten at dei (heldigvis) sjeldan kjem til realisering. Då kan dei og lett gå under radaren og utilsikta setje tilskottet til enkeltmedier i spel. Tydeleg proaktiv informasjon saman med tildelingsbrevet bør innarbeidast som fast praksis.

Det er og viktig at Medietilsynet i samarbeid med bransjeorganisasjonar orienterer om tilskuddsordningane slik at potensielle medieutgjevarar er orientert.

§18 Samlet søknad for flere versjoner av et medium

LLA ser forslaget som ei tydeleg formalisering av forvaltningspraksis. Dette opnar for kreative og innovative måtar å organisere medieselskap og gjer det muleg med lokalmedier i marknader der dette ellers er vanskeleg og slik gir mediemangfald.



LLA ser at det her bør gjerast ei ytterlegare presisering slik at ordlyden blir slik:

*Et medieselskap kan søke om tilskudd samlet for flere versjoner av et medium som utgis av selskapet og som ikke hver for seg oppfyller vilkåret i §5 første ledd bokstav d om å være redaksjonelt selvstendige. Mediene må oppfylle de øvrige vilkårene i forskriften samlet, og får beregnet tilskudd som ett medium.*

LLA støttar forslaget til §19

LLA støttar forslaget til §20

LLA støttar forslaget til §21

LLA støttar forslaget til §22

§23 Unntak fra forskriften

LLA støttar forslaga til unntak frå forskriften, men vil gjerne utvide dette med ein «nødbrems paragraf» som kan hindre ikkje føresette tilpassingar som er tydeleg i strid med det føremålet til tilskotsordninga.

LLA foreslår eit nytt punkt c) slik

Dersom medieselskap gjennom ikke forutsigbare tilpassinger prøver å omgå forskriftens intensjon og er i strid med formålet slik det er formulert i §1 skal Medietilsynet kunne gjøre unntak fra denne forskriften, ved å vurdere tildeling av tilskudd.

## **Kapittel 5 Betaling og innkreving**

LLA støttar forslaget til §24

LLA støttar forslaget til §25

## **Kapittel 6 Ikrafttredelse og overgangsregel**

LLA støttar forslaget til §26

LLA støttar forslaget til §27

Kviteseid/Husnes, 27. juli 2022

Med venleg helsing

Landslaget for lokalaviser

Tomas Bruvik, generalsekretær

Øystein Øygarden, styreleiar

*Den største styrken til det norske samfunnet er at vi har tillit til samfunnsinstitusjonane, både offentlege og frivillige organisasjonar. Det gjer òg at vi har tillit til kvarandre som menneske. I sum er dette grunnlaget for tilliten til demokratiet. Utan journalistikk som set kritisk søkelys på alle delar av samfunnet, og i alle delar av samfunnet og som er med på å skape eit gjennomskinleg samfunn, kjem tillitssamfunnet gradvis til å forvitte. Kostnaden ved det er urekneleg økonomisk og utåleleg for livskvaliteten.*